


FISKERIDIREKTORATET
BIBLIOTEKET

28 APR. 1994




FISKERIRETTLEIAREN

I

SANDE VANYLVEN VOLDA

Årsmelding 1993

Vårt
Distrikt: →



FISKERIRETTLEIAREN I SANDE, VANYLVEN OG VOLDA
6084 LARSNES

IKKJE OFFENTLEG

VEDLEGG TIL ÅRSMELDING 1993:
OVERSIKT OVER AKTIVITET I OPPDRETT, ENKELTANLEGG.

ANLEGG TILSETTE ÅRSVERK SALG (OMS.)

SANDE

Vestlaks	3,0		2,3	3,1	mill.
Bringsvorlaks	3,0		3,0	5,1	mill.
Flatøy Fiskeopp.	3,0		3,2	10,1	mill.
Sande Seafarm	0,0		1,0	0	mill.
Nupafisk (Forsøk)	1,5		1,7	0	mill.
1993	SUM	10,5	11,2	18,3	MILL.
1992	sum	11,5	12,2	14,1	mill.
1990	sum	11,0	12,7	13,3	mill.
1988	sum	10,5	10,7	12,3	mill.
1986	sum	7,5	7,0	12,0	mill.

VANYLVEN

Vanylven St.& S.	18,0		12,6	13,4	mill.
Skorge Fiskeoppd.	4,0		4,4	3,9	mill.
Skorge Laks og Ø.	3,0		0,4	0	mill.
Vest Aqua	1,0		0,1	0	mill.
1993	SUM	26,0	17,5	17,3	mill.
1992	sum	16,0	17,5	18,1	mill.
1990	sum	16,5	23,0	15,6	mill.
1988	sum	19,0	21,5	22,0	mill.
1986	sum	13,0	15,0	12,5	mill.

VOLDA

Dalsfj. Fiskeop.	3,5		4,0	7,1	mill.
Steinsvik laks	5,0		4,7	6,1	mill.
Straume Fiskeo.	3,0		3,2	4,7	mill.
Sunlaks+M/sm-12	7,0		9,5	19,8	mill.
Kvangardsnes	4,5		5,0	13,4	(6,8) m.
J.S.Gjerdsdal	1,0		1,2	1,9	mill.
Ulvestadfisk	0,5		0,5	0,2	mill.
1993	SUM	24,5	28,1	53,2	mill.
1992	sum	23,0	28,7	49,32	mill.
1990	sum	22 +(20)	26,1	39,6	mill.
1988	sum	44,5 +(15)	41,5	51,3	mill.
1986	sum	27,0	27,0	12,3	mill.

Larsnes, 24.03.94



Inge Remy
FISKERIRETTLEIAREN
i Sande, Vanylven
og Volda

**FISKERIRETTLEIAREN I SANDE, VANYLVEN
OG VOLDA
6084 LARSNES**

Tlf. 700 28033

Fax. 700 28241


ÅRSMELDING

1993

Innhold:

Kapittel 1. Presentasjon av rettleiardistriktet, kart.	s.3
Kapittel 2. Sysselsetjing i fiskerinæringa.	s.4
Kapittel 3. Fiskeflåten.	s.8
Kapittel 4. Fiskeindustri/foredling.	s.13
Kapittel 5. Råstoffsituasjon/ilandført kvanta.	s.15
Kapittel 6. Havbruksnæringa.	s.17
Kapittel 7. Anna aktivitet/verksemd.	s.20

Trykking, april 1994.



Kapittel 1.

PRESENTASJON AV FISKERIRETTLEIARDISTRIKTET, TENESTA

Rettleiardistriktet består av kommunene Sande, Vanylven og Volda. Disse er geografisk dei sørlegaste kommunene i Møre og Romsdal fylke.

Sande kommune er ei øykommune i tillegg til at ein liten del av arealet er på fastlandet. Vanylven og Volda er fastlandskommuner. Begge desse er oppdelte av fjordsystem. Rettleiardistriktet dekkjer difor både ytre og indre kystforhold.

Sande kommune er den sterkaste tradisjonelle "fiskerikommune", mens Volda er svakast, som er et utslag av geografisk plass. Vanylven kjem på eit mellomnivå.

Fiskeoppdrett har styrka næringa i alle tre kommunene. Denne aktiviteten er også viktig for sysselsetjinga og næringslivet i heile distriktet.

Distriktet har ved utgangen av 1993:

- 461 fiskarar i Fiskarmanntalet.
- 135 fartøy i Merkerregisteret.
- 4 fiskeforedlingsanlegg og eit slakteanlegg for Laks.
- 17 oppdrettsanlegg i drift.

Rettleiingstenesta dekkjer distriktet etter "Lov om rettleiingsteneste i fiskerinæringa", ellers er rettleiaren merkelovens tilsynsmann i kommunene.

Fiskerirettleiarkontoret ligg i kommunesenteret Larsnes i Sande. Kontorlokalet er i andre høgda i "gamlebanken", ved rådhuset.

Kontoret er betjent av fiskerirettleiaren i fast stilling. I tillegg har kontoret også i første halvår hatt tilbod frå arbeidsmarkedsetaten med ein arbeidsplass. Oppgåvene er av ulik karakter og belastninga er ujamn, då arbeidsfeltet dekkjer alle forhold i næringa.

Sidan kontoret er enmannsbetjent bed ein om forståelse for at når Rettleiaren er ute i oppdrag, som er ein del av tenesta, møter ein kontoret stengt. Kontoret har vanlig offentlege opningstider og fråvær utgjer relativt lite av opningstida. Av kontorutstyr er kontoret rimelig godt utrusta.

Kontoret har godt samarbeid med kommunene i Rettleiar-distriktet og er eit bindeledd til næringa, med nærkontakt til utøvarane.

Ein meiner å kunne gi positive bidrag både innan og til å frå næringa.

"BRUK OSS, VI VIL GJERE VÅRT BESTE SÅ LANGT VI REKK."

Kapittel 2.

SYSSELSETJING I FISKERINERINGA

SYSSELSETJING I FISKEFLÅTEN

Fiskarmanntalet gjev ei god oversikt over yrkesaktiviteten i fiskeflåten. Manntallsførde på blad B har fiske som hovedinntekt og på blad A er fiske attåttnæring.

Tabellen nedanfor viser fiskarmanntalet for Sande, Vanylven og Volda frå 1980 fram til i dag. Grunnen til manglande tal for Volda i åra 1980 - 1983, er at i denne perioda var ikkje Volda med i dette rettleiariardistriktet. Volda kom med i 1986.

Tabell 2.1: Manntallsførde, oversikt sidan 1980.

ÅR	SANDE		VANYLVEN		VOLDA	
	blad A,	B	blad A,	B	blad A,	B
1980	20	234	25	126		
1982	19	267	27	137		
1984	23	211	12	121	6	60
1986	26	205	12	140	2	75
1988	32	206	11	142	9	81
1990	35	198	13	134	11	69
1991	41	202	12	141	12	76
1992	39	207	11	154	11	79
1993	37	192	20	133	11	72

Tabellen er basert på eigne tal og viser antal manntallsførde ved årets slutt.

Samla har manntalet for kommunene (fjordårets tall) 465 (501), ein nedgang på 36 = 7% manntallsførde. Av samla har dei enkelte kommuner;

- Sande 49%,
- Vanylven 33%
- Volda 18%

Dette er uforandra frå året før.

Sande har 4 (9) kvinner, Vanylven 3 (5) og Volda 6 (8) i manntalet. (Fjordåret i parantes) Nedgangen er frå 22 til 13 frå året før.

Etter stabilt mantal over mange år er nedgangen siste år markant for distriktet.

Tabell 2.2: Alderssamansetjing i manntalet BLAD B
(hovedyrkeaktivitet)

ÅR	KOMMUNE	< 30 år	30-50 år	> 50 år
1990	Sande	47 %	35 %	18 %
1991	"	46 %	35 %	19 %
1992	"	45 %	36 %	19 %
1993	"	44 %	40 %	16 %
1990	Vanylven	47 %	37 %	16 %
1991	"	52 %	34 %	14 %
1992	"	48 %	35 %	17 %
1993	"	47 %	41 %	16 %
1990	Volda	59 %	36 %	5 %
1991	"	59 %	36 %	5 %
1992	"	43 %	49 %	8 %
1993	"	46 %	48 %	6 %

Oversikta syner at arbeidstakarane forlet yrket lenge før pensjonsalder. Ved gjennomgang av personane, finn ein at dei få over 50 år vesentleg er fartøy-eigarar. Ein overgang frå havfiske til kystfiske (sjarkfiske) ved 50 års alder er ikkje uvanleg, men tala viser at storparten forlet yrket.

Nedgangen som er registrert for 1993 synest å ha verka sterkast på gruppa over 50 år.

SYSSELSETTING I FISKEINDUSTRIEN:

I 1993 hadde Sande 13,5 årsverk, Vanylven 6 årsverk og Volda 12 årsverk. Samla vert dette 31,5 årsverk, ein auke på et årsverk frå året før.

Kjønnsfordelinga synest omlag delt, men menn synest å vere dominante som heiltidsansatte, kvinner har meir deltidarbeid. (Ellers belyst i kapittel-4)

SYSSELSETTE I HAVBRUKSNÆRINGA:

I -93 hadde Sande 11,2 årsv., Vanylven 17,5 årsv. og Volda 28,1 årsverk. Samla vert dette 56,8 årsverk, ein nedgang på 1,6 årsv. frå året før.

Menn er dominante i oppdrett. Kvinner er med, men enno i svært liten målestokk. (Meir under kapittel 6)

SAMLA SYSSELSETTING I FISKERINÆRINGA:

- Sande	224,7	årsverk	
- Vanylven	162,5	årsverk	
- Volda	115	årsverk	= SUM 502 årsverk.

Tabell 2.3: Registeringar av inntekt frå fiske for kommunene, 1983 - 1992



ÅR	SUM INNTEKT	DELTAKARANTAL	GJENNOMSNIITTSINNTEKT
SANDE			
1983	20.686.080,-	233	88.781,-
1985	22.425.080,-	222	101.016,-
1987	28.182.412,-	248	113.639,-
1989	29.124.654,-	231	126.081,-
1990	33.467.655,-	217	154.299,-
1991	39.551.152,-	228	173.470,-
1992	39.478.787,-	228	173.153,-
VANYLVEN			
1983	15.929.810,-	138	115.433,-
1985	17.873.672,-	165	108.325,-
1987	25.041.976,-	189	132.497,-
1989	20.323.850,-	184	110.456,-
1990	20.554.894,-	166	123.825,-
1991	24.610.468,-	161	152.860,-
1992	24.804.550,-	162	153.115,-
VOLDA			
1983	5.003.482,-	68	73.581,-
1985	7.830.616,-	86	91.054,-
1987	11.122.623,-	91	122.227,-
1989	9.578.400,-	92	104.113,-
1990	9.878.162,-	92	107.371,-
1991	11.163.760,-	86	129.811,-
1992	9.563.458,-	78	122.608,-

Tabell 2.3 viser inntektsutviklinga i fiskeri. Tabellen er på grunnlag av Garantikassen for fiskarar sine registreringar. All aktivitet som er innrapportert til feriefondet er med, også for fiskarar som berre har vore i fiske ei kort periode som ferieavløysar og anna. Resultat for 1993 får ein ikkje med i denne årsmelding då statestikken ikkje føreligg før utgangen av mai, året etter.

Frå 1983 til 1991 har ein kvart år hatt ei auke i inntektene. For totalinntekta i kommunene har Sande hatt ein auke på 18 %, Vanylven 20 % og Volda 13 % frå 1990 til 1991, etter 1991 synest ein stagnasjon å melde seg.

Gjennomsnittleg lønnskompensasjon (Sande og Vanylven) pr.dag var
 -i 1983 kr. 505,- ,
 -i 1991 (Tre kommuner.) kr. 799,- ,
 -i 1992 " " kr. 752,- .

Frå 1983 til 1991 auke 58 % , vidare til 1992 ein minke på 6%



M-27-VA



Kapittel 3.

FISKEFLATEN

Tabell 3.1: Antall registrerte fartøy i Merkeregisteret i rettleiariardistriktet frå 1981 - 1993, og spesifisering av endringar for 1993.

SANDE

<u>År</u>	<u>Totalt</u>
1981	103
1983	86
1985	85
1987	80
1989	68
1990	67
1991	75
1992	77
1993	81

ENDRING 1993.

	<u>Dekka fartøy</u>	<u>av stål,</u>	<u>tre</u>	<u>plast</u>	<u>Åpne</u>	<u>SUM</u>
1992	49	9	16	24	28	77
Ut 1993	2			2	1	3
Inn 1993	5	0	3	2	2	7
SUM 1993	52	9	19	24	29	81

VANYLVEN

<u>År</u>	<u>Totalt</u>
1981	56
1983	44
1985	42
1987	40
1989	37
1990	36
1991	36
1992	33
1993	35

ENDRINGAR 1993.

	<u>Dekka fartøy</u>	<u>av tre,</u>	<u>stål</u>	<u>plast</u>	<u>Åpne</u>	<u>SUM</u>
1992	27	5	2	20	6	33
Ut 1993	2	1	0	1	1	3
Inn 1993	4	1	0	3	1	5
SUM 1993	29	5	2	22	6	35

VOLDA

<u>År</u>	<u>Totalt</u>
1981	27
1983	25
1985	26
1987	20
1989	14
1990	13
1991	15
1992	17
1993	18

Endringar 1992 - 1993.

	<u>Dekka fartøy</u>	<u>Av tre, stål</u>	<u>plast</u>	<u>Åpne</u>	<u>SUM</u>
<u>1992</u>	5	2	0	3	12
Ut 1993	0				0
Inn 1993	1		1	0	1
<u>SUM 1993</u>	6	2	0	4	12

Ved årskiftet 1993-94 utgjør fiskeflåten 135 fartøy. Av desse har kommunene:

- Sande 61 %
- Vanylven 26 %
- Volda 13 %

Samla hadde distriktet 19 endringar, 6 utmeldingar og 13 innmeldingar. Endringane gjeld mindre fartøy.

KONSESJONAR:

Distriktet har berre 2 konsesjonar i fiske. 1 fabrikktrål-konsesjon (Sande) og ein ringnot-konsesjon (Vanylven). Ein tidlegare kval-konsesjon (Sande) er enno i uvissa. .

Fartøykvoter for torsk:

I 1992 hadde Sande 16 torskekvoter som tilsa 1.033,3 tonn for heile kommunen. Eit fartøy med torskekvote vart selt til ei anna kommune og to nye fartøy vart kjøpt med torskekvoter. I 1993 har Sande 18 fartøykvoter på tilsaman 1.252,7 tonn, ein auke på 219,4 tonn frå året før. For 1994 er det ikkje endring i fartøykvoteantal. Grunna endring i fartøykvotesystemet er kvoter resultatet meir fleksibelt for 1994.

Vanylven hadde 4 kvoter for 1992 som gav 118,8 tonn. Dette året vart ei kvote selt ut av kommunen og ei kvote tilført. For 1993 gav dette 254,3 tonn, ein auke på 135,5 tonn frå 1992. I tillegg vart eit kvotefartøy innkjøpt. Ved utgangen av året -93 har Vanylven soleis 5 fartøykvoter Volda har ikkje fartøy-kvoter for torsk.

Dei registrerte fiskefartøy i distriktet har ellers tilgjenge til torskefiske i maksimalkvoteordninga. For å delta her, må ein vere tilknytt fiskarmanntalet. Av fiskekvoter ellers har ein hyse- og sildekvote. Hyse er lite tilgjengelig i distriktet og derfor lite nytta. Sild er tilgjengelig, men har til denne tid hatt omsetningsvanskar.

FISKEFLÅTEN OG AKTIVITET

Sande:

Fartøy over 35 m: (3 stk. uendra frå -92)

Av dei fabrikktrålarane (67,4 og 67,6 m) som er registrerte i kommunen, har berre den eine konsesjon for trål. Denne konsesjonen gjev så reduserte kvoter at fartøyet må i store delar av året drive på utradisjonelle ressursar og andre land sine kvoter. Fartøyet har fått til eit midlertidig driftsopplegg i vårt nærområde mens ein ventar på gjenoppbygging av tradisjonelt driftsgrunnlag. Etter mange år med svakt driftsgrunnlag ser ein noko lysare på framtida då kvotene aukar i 1994. Resultatet for 1993 vart som dei siste år, heller svakt.

Det andre fartøyet er i fylgje med andre liknande norske fartøy i fiske ved New-Zealand. Dette fartøyet kan vise til eit brukbart resultat også for 1993.

Sande kommune sitt skjellskrapefartøy (53,5 m) er i aktivitet. Fartøyet kom i drift igjen i slutten av 1989 etter vanskar som denne nye aktivitet har hatt. 1993 vart eit relativt godt år igjen. Imidlertid har drifta hatt større kostnad enn venta og driftsvanskar har vore betydelige. Eit motorhavari hausten -93 medførte betydeleg tap i fangst då ein låg i godt fiske.

Fartøy 20 - 35 meter. (uendra frå -92)

Kommunen har 5 større autolinefartøy, (32,3 - 55,5 m) Disse fartøya dreiv aktivt driftsopplegg med henting av torskekvota i starten av året utanfor Nord-Norge, vidare linefiske på vestlege felt (Hebridane, Shetland og Færøyane) og noko ved Norskekysten (Nordsjørenna og Skjoldryggen). 1993 vart eit relativt godt år for autoline fartøya.

Fartøy 13 -20 meter. (10 stk = +2 frå -92)

Eit fartøy kom inn midt i året og eit ved slutten.

5 av desse fartøy er heilårs-engasjerte med snurrevad som redskap og torsk/hyse som hovudressurs.

Denne fartøygruppa synest svært avhengig av torskeressursen og med små kvoter vert årsresultatet for svakt. Dei fartøy som hadde lite kostnadsinnsats fekk eit godt år i 1992, nye kostbare fartøy fekk for svak inntjening. 1993 vart betring for heile gruppa.

Fartøy under 13 meter: (65 fartøy = +1 frå -92)

Ved utgangen av året var her 64 stk. i denne fartøygruppa:

- 10 - 13 meter: 5 stk.

- 8 - 10 meter: 35 stk.

- under 8 meter: 25 stk.

Aktiviteten til denne gruppe har auka vesentleg dei siste år med bakgrunn i betre utbytte av vårtorskefiske. Betre utrustning av fartøya har medført at aktiviteten også etter torskefisket har auka.

Resultat Sande:

Etter egen aktivitetsvurdering utgjør aktiviteten i fiskeflåten i Sande omlag 230 årsverk. Fiskeflåten i Sande er dermed i samsvar med sysselsettinga i fiske etter fiskermanntalet.

Samla fiske av Sandeflåten i torskesektoren:

10.446.730 kg fisk etter rund vekt, til verdi kr. 78.243.498,-
levert gjennom norske salgslag.

Av dette utgjorde:

2 fartøy, fabrikktrål og skjellskrape	<u>kr. 29.531.424,-</u>
5 autolinefartøy	<u>kr. 37.270.585,-</u>
74 kystfiskefartøy	<u>kr. 11.441.489,-</u>

Vanylven

2 større fiskefartøy er heimhøyrende i Vanylven. Eit av desse er ringnot-fartøy (56,2 m), det andre (35,7 m) er autolinefartøy.

Begge desse fartøy hadde brukbart resultat i 1993.

Ringnotfartøyet er under salg frå kommuna ved årsskiftet.

Resten av fartøya (32 stk. = +1 frå -92) er under 13 meter:

- 10 -13 meter:	6 stk	-1 frå 92
- 8 - 10 meter:	16 stk	+1 " "
- Under 8 meter:	10 stk	+1 " "

Fartøy under 13 m:

Vårtorskefiske synest vere hovudsesong for alle. Vidare aktivitet er fiskeri med not etter brisling, sild, makrell og sei. I tillegg er linefiske viktig, og dei siste år har garnfiske etter breiflabb vore svært positivt.

Det vart noko ujamt årsresultat for desse.

Aktiviteten til desse fartøy er i auke, med bakgrunn i resultat frå vårtorskefisket dei to siste år. Aktiviteten er og auka på fiske etter torskesesongen. Det er optimisme i denne gruppe som attåt-aktivitet i fiske ellers og for utbygging til sjølvstendig fiskeaktivitet.

Resultat Vanylven:

Etter egenvurdering utgjør arbeidsinnsats i "Vanylvsflåten" omlag 52 årsverk. Etter fiskermanntalet er sysselsettinga i fiske omlag 135 årverk. Fiskeflåten i Vanylven kan dermed sysselsette omlag 40 % av kommuna sine fiskarar.

Samla fiska fiskeflåten i Vanylven i "torskesektoren"

1.443.775 kg. rund vekt til verdi kr. 12.024.800,-

levert gjennom Norske fiskesalgslag.

Sidan våre forbetra data er nye av året kan ein ikkje samanlikne med tidlegare liknande data. Ein meiner likevel å kunne meine at aktiviteten til småflåten i kommuna er i auke.

Volda

Etter merkeregisteret har Volda 18 fartøy, ein auke på 1 fartøy frå -92.

Fordelinga i størrelse er slik:

- 10 - 13 meter: 2 stk. som for -92.
- 8 - 10 meter: 7 stk. +1 frå -92.
- Under 8 meter: 9 stk. som for -92.

Som for denne gruppe fiskefartøy ellers i distriktet er det auke i fiskeaktivitet, dette har sin bakgrunn både i dei aukande resultat frå vårtorskefisket på kysten og auka fiske lokalt i Voldafjorden.


Aktiviteten i fiskefåten i Volda utgjer omlag 3 årsverk etter egen vurdering. Fiskarmanntalet sin sysselsetting er omlag 75 årsverk. Fiskeflåten i Volda sysselset dermed omlag 4 % av årsverk i fiske.

Resultat Volda:

Ein har for 1993 fått nye gode data over fisket i torskesektoren. For Volda sine fartøy viser desse:

50.636 kg fisk rund vekt til verdi kr. 321.845,-

levert gjennom fiskesalgslaga.



Kapittel 4.

FISKEINDUSTRI/FOREDLING

SANDE

Tabell 4.1: Aktiviteten i fiskebedriftene 1993, med samla tilbakeblikk sidan 1986 av liknande oppsett: (egne data)

NAMN	TILSETTE	OMSETNING	ÅRSVERK
J.M. Bringsvor as	2 kv. 5 menn	2,9 mill.	3,0
Sandanger A/S	11 kv. 4 menn	8,5 mill.	10,0
Sandefisk	1 mann	0,2 mill.	0,5
SUM 1993	13 kv.10 menn	11,6 mill.	13,5 årsv.
SUM 1992	13 kv. 10 menn	9,2 mill	13,5 årsv.
SUM 1989	22 kv. 8 menn	10,4 mill	18 årsverk
SUM 1986	25 kv.11 menn	20,0 mill	27 årsverk

Oversikta viser omlag halvering av aktiviteten sidan 1986. Ein kan ha grunnlag for anta stabilisering, og etter utsiktene svak vekst.;

Sande kommune har to bedrifter som driv direkte mottak frå fiskeflåten, Sandanger A/S (Sandanger Hermetikk), Gjerdsvika og J.M. Bringsvor as, Sandshamn.

J.M. Bringsvor driv tradisjonell fiskeforedling, salting /tørking samt slakting og pakking av oppdrettslaks. 1993 vart eit av dei svakaste år i bedrifta sin historie, men kom i samarbeid som lovar større aktivitet i framtida.

Sandanger Hermetikk produserer fiskehermetikk (fiskebollar og sildeprodukt). I 1992 starta bedrifta med kjølevareproduksjon av fisk. Orkanskader sette bedrifta ut av produksjon store delar av 1992. I 1993 hadde bedrifta stabil drift, etter at innkøyringsfasen var over. Omsetninga er framimot dobla frå 1992.

Sandefisk v/ Ole Sande starta aktivitet i 1992. Bedrifta driv pakking og kommisjonssalg av ferskfisk for innland og eksport. Aktiviteten i 1993 vart noko redusert mot året før, og mot slutten av året kom driftsansvarleg i anna arbeid.

VANYLVEN

Egne data.

AQUA PROD.VEST	TILSETTE	OMSETNING	ÅRSVERK
-1991		1,7	4
-1992	8 kv. 7 menn	2,5 mill.	5
-1993	26 kv. 11 menn	3,25 mil.	6

Lakseslakte-/pakkeanlegget AQUA PRODUCT VEST AS, Åheim kom i aktivitet ved årskiftet 90-91. Arbeidet ved bedrifta er basert på kortvarige oppdrag ved slakting/pakking av salg av laks frå Vanylvsfjord-regionen. Lønsutbetalingane ugjorde vel 1 million kr. i 1993.

Dette er ny aktivitet i Vanylven med basis i Fiskeoppdrett.

VOLDA

Egne data.

VOLDA FISKEMAT	TILSETTE	OMSETNING	ÅRSVERK
1993	1 kv. 10 menn	14,0 mill.	12,0
1992	1 kv. 10 menn	12,0 mill.	12,0
1990	1 kv. 10 menn	10,6 mill.	12,0
1987	1 kv. 9 menn	9,0 mill.	11,0

Volda Fiskemat as, driv kjølevareproduksjon av fiskemat og anna fiskeprodukt som blandaball og pochert laks.

I 1992 starta ein igjen med direkte mottak frå fiskebåtar i lokalmiljøet. Dette mottak har hatt auke i 1993, men bedrifta må enno ta det vesentlege av sitt råstoff utanfrå.

Frå 1988 og fram til 1991, hadde bedrifta ei auke i omsetning frå 8,5 mill. til 12. mill. Bedrifta melder no om svært stramt marked og stadige tilpasningar. For 1992 er omsetninga framleis 12 mill. kr. Antall tilsette er ikkje endra, d.v.s. 11 tilsette i full aktivitet, sidan 1989.

For 1993 er arbeidsstokken uendra, men omsetninga har auka med 17% til 14 mill. kr.

FISKEMATPRODUKJON.

Innan distriktet er tre hovudaktørar i konkurranse om hovudproduksjonen, fiskemat som kjølevare. (Sandanger a/s, Volda Fiskemat og Ørsta Fisk) Etter mine informasjonar har dess hatt kontakt vedrørande samarbeid, men det har ikkje ført til konkrete utslag.

Den konkurranse desse har vore i har gitt brukarane betre produkt som igjen synest å ha ført til at fiskemat har fått betre status etter positive erfaringar med produkta.

Markedet er soleis i vekst.

Kapittel 5.

RÅSTOFFSITUASJONEN/ILANDFØRT KVANTUM

RÅSTOFFSITUASJONEN:

Våre myndigheiter har funne grunn til å regulere våre fiskeri med siktemål å unngå store svingingar i bestandane, ved å begrense uttak etter bestandane sin utvikling. Dette medfører reguleringar som er tilpassa dei enkelte bestandar og mange og innfløkte reguleringsordningar for å tilpasse både ressursane, brukarane og markedet.

Frå første starten i konsesjons-innføring av kval i 30-åra, torsketral i 50-åra, ringnot i 60-åra, har ein idag eit utbygd regulerings-system.

I dag kan ein sjå fruktene av tidlegare arbeid ved at våre ressursar kan vurderast som gode og stabile, mens andre land sine fiskarar har store ressursproblem.

Ein kan derfor karakterisere ressursituasjonen som god i dei område der ein får råderett på bilateral basis. I områder der fleire nasjonar har interesser synest reguleringar umulig før etter samanbrot i ressursane.

Ein gjer merksam på at slik karakteristikk gjeld for deltakarar med fisketillatelse, manglande fiskerettar er problem for mange fiskarar.

For foredling/eksport er konkurransen hard då kravet til rasjonell og kostnadseffektiv drift er stor. Likeså har kvalitetskrav til produkt/prosess auka sterkt. Distriktet sin aktivitet i foredling har vore i nedgang. Den seinaste utvikling kan tyde på at det er snunad i denne utvikling.

Grunna vår høgkostnads-situasjon har vi vanskar med å fiske, foredle og utskipe vår fisk til prisar som er akseptable for dei marked vi kan selgje til. Vi har soleis hatt ei utvikling mot at større deler av vår ilandførte fisk vert utskipa uforedla, som fersk eller frossen.

Likeeins kan ein karakterisere oppdrett av laks og aure. Omsetning av fisk som "ferskfisk" er positiv slik at tross lite verdiskapning og sysselsetting i foredling av våre ressursar, er verdiskapninga frå næringa høg.

Av tilgjengelege ressursar finn ein å uttale at av dei tildelte kvoter innan torske-sektoren er alle godt utnytta. Ein kan og med tilfredsheit konstatere at større uttak etter at ressursen er i vekst, ikkje har medført prisfall.

Innan sildesektoren nyttar våre fartøy lite av dei tildelte kvoter. (sild, makrell)

Dette har samanheng med at distriktet sin flåte er lite spesialisert mot denne sektor, og at økonomien i silde-sektoren har vore svak for mindre fartøy.

Dette er våre største nasjonale ressursar og om ein kan skape nye marked f.eks. i SØ-Asia vil denne del av næringa ha store utviklings-muligheiter både på sjø og land.

ILANDFØRT KVANTUM.

Kvotekontroll har medført godt datamateriale, men reglar for bruk av data kan medføre at deler ikkje er tilgjengelig.

For TORSKE-SEKTOREN viser tala for 1993:

-SANDE	<u>10.446.734 kg.</u>	rund vekt =	<u>Kr. 78.243.498,-</u>
-VANYL.	<u>1.443.775 kg.</u>	rund vekt =	<u>Kr. 12.024.800,-</u>
-VOLDA	<u>50.636 kg.</u>	rund vekt =	<u>Kr. 321.845,-</u>

Av SUM 11.941.145 kg rund vekt torskefisk til førstehånds-
verdi kr. 90.590.143,- som er ilandført av distriktet sine fartøy er berre ein liten del tilført distriktet sine fiskemottak.

Dette datagrunnlag var ikkje tilgjengeleg tidlegare slik at ein har ikkje godt samanlikningsgrunnlag, for å vurdere utvikling. Ein kan likevel tilkjenne; det går godt.

Innan sildesektoren, som ein enno manglar godt datamateriale frå på kommunalnivå, har distriktet relativt liten aktivitet.

Over dei siste år har Danmark hatt ein formidabel vekst i foredling av fisk basert på våre og Russiske råvarer. Dette synest å ha stagnert og vår foredling er på offensiven.

Vår fiskeflåte synest vere slagkraftig og har nødvendig tilpassnings-evne. Generelt kan flåten synest noko i elste laget og for tilpassning i ressurs-utnytting kan enkelte av våre reguleringar vere hemmande.

Våre bremsande tiltak medfører ofte forgubbing og stor tregheit i næringa. Dette hindrar fleksibilitet.

OPPDRETTSFISK:

Det vart produsert 2.294,2 ton oppdrettsfisk laks/aure i distriktet. Denne gikk til eksport som ferskfisk. Kun marginale deler av dette råstoff vart vidareforedla her.

KAPITTEL 6 .

HAVBRUKSNÆRINGA

Etter oppdrettslova er oppdrett av fisk og skalldyr underlagt løyve/tillatelse (konsesjon).

Tabell 6.1: Konsesjonsoversikt (antal).

KONSESJONSTYPE	SANDE	VANYLVEN	VOLDA
Matfisk laks/aure	3	1	3
Settefiske laks/aure	-	3	6
Stamfisk laks/aure	-	1	-
ANDRE ARTAR:			
Skalldyr	-	-	2
Torsk	-	-	-
Kveite/piggvar	3	-	-
Ål	1	-	-
Kjempereker	-	1	-
SUM	7	6	11

I tillegg er ein matfisk laks/aure i samdrift i Volda.

Ein settefisk-konsesjon i Vanylven og ein i Volda er ute av drift i 1993.

Det var aktivitet for alle konsesjonar laks /aure i 1993. For andre artar enn laks, har aktiviteten vore ujamn og er på forsøksstadiet.

Sletting av konsesjonar som ikkje har hatt aktivitet har redusert antalet dei siste år.

Overståande oversikt viser gjenverande antal løyver.

Fylgjande selskap hadde aktivitet i fiskeoppdrett i 1993:

SANDE KOMMUNE

M/s 01 Vestlaks, Sandshamn	Matfisk laks/aure
M/s 02 Bringsvorlaks, Sandshamn	Matfisk laks/aure
M/s 03 Flatøy Fiskeoppdrett, Sandshamn	Matfisk laks/aure
M/s 04 Sande Seafarm, Gjerdsvika	Kveite.
M/s 05 Nupafisk, Larsnes	Piggvar

Samla hadde desse 10,5 tilsette, 11,2 årsverk og omsette for kr. 18,3 million.

(Kveite og piggvar er ikkje kome i salg enno)

VANYLVEN KOMMUNE

M/vn 02 Skorge Laks/Ørretopp, Åheim	Settefisk laks/aure
M/vn 03 Vanylvsfisk, Åheim	Settefisk laks/aure
M/vn 07 Vanylven Stamfisk	Stamfisk laks/aure
(M/vn 3+7 er i samdrift i Vanylven Stam og Settefisk)	
M/vn 13 Skorge Fiskeoppdr.	Matfisk laks/aure

Samla hadde desse 26 tilsette, 17,5 årsverk og 17,3 mill. kr. i salg.

VOLDA KOMMUNE

M/va 02 Straume Fiskeoppdrett, Folkest. M/S laks aure.
 M/va 03 Sunlaks, Lauvstad Matfisk laks/aure
 M/va 05 Johs. S Gjerdsdal, Austefjorden Settefisk laks/aure
 M/va 07 Dalsfjord Fiskeoppdrett, Lauvst. Settefisk laks/aure
 M/va 10 Steinsvik Laks, Folkestad Settefisk laks/aure
 M/va 13 Ulvestadfisk, Lauvstad Settefisk laks/aure
 M/va 08 Kvangardsneslaks, Lauvstad Matfisk laks/aure

Samla hadde desse 24,5 tilsette, 28,1 årsverk og produserte for kr.53,2 million.

Dei tal som er brukte for å vise aktivitet innan oppdrett er innhenta frå "nøkkeldata" oppgaver.

Tilsvarande oversikter er innhenta sidan 1986 og viser:

Tabell 6.2: Aktivitet innan oppdrett frå 1986 - 1993.

		TILSETTE	SALG	ARBEIDSINNSATS
SANDE	1986	7,5 stk.	12,0 mill	7,0 årsverk
	1987	8,0 "	12,4 "	9,0 "
	1988	10,5 "	12,3 "	10,7 "
	1989	11,5 "	12,9 "	12,7 "
	1990	11,0 "	13,3 "	12,7 "
	1991	10,0 "	15,4 "	13,0 "
	1992	11,5 "	9,7 "	12,2 "
	1993	10,5 "	18,3 "	11,2 "

VAYLVEN	1986	13,0 stk.	12,5 mill	15,0 årsverk
	1987	18,0 "	16,0 "	20,0 "
	1988	19,0 "	22,0 "	21,5 "
	1989	20,0 "	26,5 "	24,0 "
	1990	16,5 "	15,6 "	23,0 "
	1991	15,0 "	13,9 "	20,5 "
	1992	16,0 "	18,1 "	17,5 "
	1993	26,0 " *	17,3 "	17,5 "

VOLDA	1986	27,0 stk.	12,3 mill	27,0 årsverk
	1987	33,0 "	19,1 "	31,5 "
	1988	44,5 "	51,3 "	41,5 "
	1989	29,0 "	35,9 "	31,0 "
	1990	22,0 "	39,6 "	26,0 "
	1991	22,0 "	50,0 "	25,0 "
	1992	23,0 "	48,3 "	28,7 "
	1993	24,5 "	53,2 "	28,1 "

* Endringa i tilsette i Vanylven 1993 er at kort-tids tilsette og er medrekna, arbeidsinnsats er uendra.

Som ein ser av oversikten har det vore ulike driftsforhold og aktivitet over tid, produksjon og resultat har og vore skiftande. Etter turbulente tider er næringa i stabilisering.

NØKKELDATA Laks/aure viser produksjon i 1993:

Produksjon av matfisk:

Sande	659,2 ton laks	til verdi kr. 18,4 million
Vanylven	534,3 ton laks	til verdi kr. 13,7 million
Volda	965,7 ton laks	til verdi kr. 27,3 million
	og 135,0 ton aure	til verdi kr. 3,2 million
SUM	2.294,2 ton l/a	til verdi kr. 62,6 million


Produksjon av settefisk viser:

Sande:	har ikkje settefiskanlegg laks/aure.		
Vanylven:	352.000 stk.	laks,	verdi kr. 3,6 million
Volda:	1.113.000 stk.	laks,	verdi kr. 14,7 million
	134.000 stk.	aure,	verdi kr. 1,0 million
SUM	1.599.000 stk.	l/a,	verdi kr. 19,3 million

Oppdrettsnæringa i Vanylvsfjorden har etablert sitt eige slakte/pakkeri for laks/aure (Aqua Product Vest a/s) Denne omsette for kr. 3,25 million. Arbeidet utgjorde omlag 6 årsverk, med lønskompensasjon kr. 1,052 million. Arbeidet er korttidsengasjement og 37 personar var engasjert både kvinner og menn.


SAMLA FOR DISTRIKTET PRODUSETE OPPDRETTS-NÆRINGA FOR
KR. 92 MILLION OG SYSSELSETTINGA UTGJORDE 63 ÅRSVERK
I 1993.

Enkelte av distriktet sine oppdrettsanlegg har produksjonspotensiale som ikkje er nytta. Ein har vidare egna lokalitetar som ikkje er i bruk. Imidlertid kan oppdrett av laks ha behov for stabilisering etter tidlegare turbulente tider. Aure og andre artar som tidlegare har vorte "overkøyrte" av laks i markedet, skulle igjen ha muligheter. Aure med "come back) og andre artar som variasjon i oppdrettsfisk-tilbudet. Ein ser soleis at havbruk enno har vekstmuligheter.




FISKEOPPDRETT I SANDE
OG VANYLVEN:

ANLEGGSPlassAR: (X)



FISKEOPPDRETTSAKTIVITET
I VOLDA

ANLEGGSPlassAR: (X)



Kapittel 7.

ANNA AKTIVITET / VERKSEMD

PLANLEGGING:

Kommunene i rettleiardistriktet er i arbeid med "kystzoneplan". Dei tre kommunene har vore i arbeid med vidareføring av planarbeidet. Volda som kommuneplan for sitt sjøområde og dei andre som del av sin kommuneplan. Arbeidet er inne i godkjenningssfasen mot slutten av meldingsåret. Rettleiaren har vore med i arbeidet frå starten av arbeidet som har gått over fleire år. Etter framdriftsplan vil dei tre kommunene ha sine planar egengodkjent rundt midten av komande år.

I den omleggingsfase kommunene er inne i er Fiskerirettleiar utelatt i lovendring i Plan og byningslov som deltakar i "byggningsrådet" sine møter.

Vidare er lignande utelatelse foretekje i Hamnelova. Kommunene kan utnemne eller "bruke" statlige etatar i sitt arbeid, men ein må tilkjenne medvirkinga frå slike. Det synest å oppstå eit problem med "råderett" over desse. Rettleiarane sin "rett og plikt" til samarbeid med kommunene synest borte.

Vi har ikkje erfart noko negativ holdning, men sidan kommunene har fått overført landbruksetaten, er kommunal næringsetat under etablering der ein i fiskerikommuner enno ikkje har klart for seg fiskerinæringa sin plass i slik etat.

FISKERIHAMNER:

Kommunene sin større råderett over hamner har ført til eit større press mot statlige fiskerihamner frå den voksande småbåt-flåte. Desse krev betre beskytta hamner enn den større flåte, som kan lede til krav om innsnevring av innløp eller mindre moloar inne på hamnene.

Den større fiskeflåte er og i meir samanhengande fiske, slik at hamnene kan ligge "ubrukke" over store deler av året. Likevel har den større flåte når det trengs behov for lokale hamner.

Ved at den mindre småflåte og fritids-flåte får innpass i hamnene vil større fartøy finne desse tilrettelagt og beslaglagt av ein variert småflåte.

Kystverket som tradisjonell høyringsinstans i fiskerihamnedisponering synest å ha endra holdning mot å la kommunene oveta vurdering av brukarinteressene sin dominans i hamnene. Dette synest føre til at fiskerinteressene vert nedvurderte, og mister sin prioritet.

Fiskerirettleiarer finn det naturleg at Rettleiings-tenesta i Fiskerinæringa er høyringspart og deltar aktivt i endringar og utarbeiding av reguleringsplanar for lokale hamneanlegg.

